



## Løyve til verksemd etter forureiningslova for Statens vegvesen Region vest for E134 Stordalen

Fylkesmannen gjev Statens vegvesen region Vest løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 19. august 2013 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Verksemdsdata

Verksemd	Statens vegvesen Region vest
Stad/Gateadresse	Askedalen 4
Postadresse	6863 Leikanger
Kommune og fylke	Etne i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	974740621 eigd av 971032081
NACE-kode og bransje	84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked

### Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2013.398.T	1211.0046.01 1211.0047.01	3

Løyve gjeve: 13. desember 2013	
Kjell Kvingedal e.f. miljøvernssjef	Henriette Ludvigsen overingeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>	

<sup>1</sup> Jf. forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve og kontrollar etter forureiningslova

## Innhold

1. Produksjon/utslepp .....	3
2. Generelle vilkår .....	3
2.1 Utsleppsavgrensingar .....	3
2.2 Plikt til å halde grenseverdier .....	3
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg .....	3
2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	3
2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare .....	3
2.6 Internkontroll .....	4
3. Utslepp til vatn .....	4
3.1 Utsleppsgrenser .....	4
3.2 Overvatn .....	4
3.3 Sanitæravløpsvatn .....	5
3.4 Mudring .....	5
4. Grunnforureining .....	5
5. Kjemikal .....	5
6. Støy og støv .....	6
6.1 Grenseverdier .....	6
6.2 Avvik frå grenseverdier .....	6
6.3 Varsling .....	6
6.4 Støv .....	7
7. Avfall .....	7
7.1 Generelle krav .....	7
7.2 Handtering av farleg avfall .....	7
7.3 Slam .....	7
8. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining .....	7
8.1 Miljørisikoanalyse .....	7
8.2 Førebyggjande tiltak .....	7
8.3 Etablering av beredskap .....	8
8.4 Varsling om akutt forureining .....	8
9. Kontroll av utsleppa .....	8
9.1 Kontrollprogram .....	8
9.2 Inspeksjon .....	8
10. Tilsyn .....	8
VEDLEGG 1 .....	9
Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1 .....	9
Metaller og metallsambindingar: .....	9
Organiske sambindingar: .....	9

## **1. Produksjon/utslepp**

Løyvet gjeld utslepp av tunnelvatn og støy frå anleggsdrifta og utslepp av vatn frå vasking av tunnel og installasjonar i driftsfasen.

Løyvet for anleggsdrifta er mellombels og gjeld fram til anleggsperioden er over.

Løyvet for utslepp av overvatn frå veg i dagen og avløpsvatn frå vask av tunnelar i driftsfasen gjeld frå opning av veganlegg og inntil vidare.

## **2. Generelle vilkår**

### **2.1 Utsleppsavgrensingar**

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i punkt 3 i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i punkt 3 i løyve eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

### **2.2 Plikt til å halde grenseverdier**

Alle utslepp skal haldast innanfor grenseverdiane til ein kvar tid.

### **2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg**

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår i punkt 3 flg. uttrykkeleg er sett grenser for.

### **2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7<sup>2</sup>.

### **2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare**

Dersom det oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 10.4.

---

<sup>2</sup> Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

## 2.6 Internkontroll

Verksemnda pliktar å etablere internkontroll for verksemnda si i samsvar med gjeldande forskrift. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemnda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

## 3. Utslepp til vatn

### 3.1 Utsleppsgrenser

Utsleppsavgrensingane i tabell 1 gjeld for mellombels utslepp av vatn frå driving av tunnelane til Stordalsvatnet og vidare utslepp i samband med drift av tunnelane.

Tabell 1:

Utsleppskomponent	Konsentrasjonsgrense	Resipient
Olje	20 mg/l	Stordalsvatnet
Suspendert stoff	100 mg/l	
pH	<8	

### 3.4 Utsleppsreducerande tiltak og reinseanlegg

Avløpsvatnet frå driving og drift av tunnelane vil bli reinsa i sedimentasjonsbasseng, og slam- og oljeutskiljar. Vatnet vert så ført til terreng via infiltrasjonskummar som ligg høvesvis 220 og 320 meter frå Stordalsvatnet. Reinseanlegget må dimensjonerast for å tilfredsstille utsleppskrava ved maksimale vassmengder. Ekstreme vêrforhold må vere inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen jf. kap. 8 i dette løyvet.

Det må førast jamleg kontroll med nivå i sedimentasjonsbasseng, slam- og oljeutskiljar og infiltrasjonskummer. Reinseanlegget må tømmast og reingjerast ved behov. Slam frå sedimentasjonsbasseng og olje frå oljeutskiljaren skal leverast til godkjent mottak.

Mesteparten av støvet skal bli samla opp ved kosting og slamsuging under vasking av tunnelane, og dette skal de levere til godkjent mottak.

Dei reingjeringsmidla som brukast må vere miljøvennlege og ikkje virke inn på funksjonen til reinseanlegget.

Tiltak for å ivareta utsleppsgrensene sett i løyvet skal innarbeidast i internkontrollsystemet.

Eventuelt avløpsvatn med olje frå vaskeplassar og liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseining slik at utsleppsgrensene fastsett i punkt 3.1 blir haldne.

### 3.2 Overvatn

Verksemnda skal handtere avrenning av overvatn frå veg slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

### 3.3 Sanitæravløpsvatn

Verksemnda skal handtere sanitæravløpsvatnet i samsvar med krav fastsett av Etne kommune.

### 3.4 Mudring

Verksemnda må søkje om løyve frå forureiningsstyresmakta dersom mudring er nødvendig.

## 4. Grunnforureining

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell forureina grunn på anleggsområdet. Det same gjeld faren for spreiding, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen<sup>3</sup>/Fylkesmannen.

## 5. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes begroingshindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for brannbekjemping.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>4</sup>

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.<sup>5</sup>

---

<sup>3</sup> Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

<sup>4</sup> Jf. produktkontrolllova

<sup>5</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

## 6. Støy og støv

### 6.1 Grenseverdier

Støygrensene er satt med utgangspunkt i rettleiaren *Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2012). Grensene i tabell 3 gjeld for anleggdrift i mindre enn 6 veker. Ved lengre driftstid blir grenseverdiane skjerpa for dag og kveld, sjå tabell 4.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Tabell 3: Støygrenser i anleggsfasen

Bygningstype	Støykrav på dagtid ( $L_{pAeq12h}$ 07-19)	Støykrav på kveld ( $L_{pAeq4h}$ 19-23) eller sundag/heilagdag ( $L_{pAeq16h}$ 07-23)	Støykrav på natt ( $L_{pAeq8h}$ 23-07)
Bustader, fritidsbustad, sjukehus, institusjoner	65	60	45
Skule, barnehage	60 i brukstid		

Tabell 4: Skjerpa støygrenser etter lengda på anleggsperioden

Anleggsperiodens lengde	Grenseverdiane for dag og kveld i tabell 4 blir skjerpa med
Frå 0 til og med 6 veker	0 dB
Frå 7 veker til og med 6 månader	3 dB
Frå 7 månader til og med 12 månader	6 dB
Frå 13 månader til og med 24 månader	8 dB
Meir enn 2 år	10 dB

Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport og lossing/lasting.

### 6.2 Avvik frå grenseverdier

Grenseverdiane for støy på dagtid kan fråvikast i kortare periodar. Det er ikkje tillete å avvike grenseverdiane på kveld og natt eller sundagar og heilagdag.

Ved avvik frå gitte grenseverdier gjelder følgjande vilkår:

### 6.3 Varsling

Bustader og pleieinstitusjonar som blir utsett for spesielt støyande aktivitet skal varslast seinast ei veke før slike aktivitetar startar opp. Varslinga skal skje skriftleg og/eller ved personleg oppmøte og skal innehalde informasjon om:

- type støyande aktivitet
- forventa støybelastning
- kor lenge aktiviteten varer
- eventuelt om det mogeleg å tilby anna opphaldstad

Andre som får støybelastning frå anleggsverksemda kan også med fordel varslast om støyande aktivitet då dette vil kunne føre til at belastninga kan føllast mindre.

## **6.4 Støv**

Verksemnda må leggje opp aktiviteten på ein slik måte at sjenerande støv ikkje blir spreidd i omgjevnadane.

## **7. Avfall**

### **7.1 Generelle krav**

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemnda. Særleg skal verksemnda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta<sup>6</sup>.

### **7.2 Handtering av farleg avfall**

Verksemnda skal handtere farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall. Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal verksemnda sikre, slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal òg sikrast mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan sikrast mot uvedkommande.

### **7.3 Slam**

Slam frå reinseinnretningar skal leverast til godkjent mottak.

## **8. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining**

### **8.1 Miljørisikoanalyse**

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemnda si. Verksemnda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemnda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endring i verksemnda skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### **8.2 Førebyggjande tiltak**

Basert på miljørisikoanalysen skal verksemnda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemnda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

---

<sup>6</sup> Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

### **8.3 Etablering av beredskap**

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerer.

### **8.4 Varsling om akutt forureining**

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>7</sup>. Verksemnda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

## **9. Kontroll av utsleppa**

### **9.1 Kontrollprogram**

Verksemnda skal ha eit kontrollprogrammet som skal innehalde rutinar for oppfølging av mellom anna reinseanlegg, utsleppsstad, resipient, olje- og drivstofflager og avfallshandtering.

Rutinar og oppfølging skal dokumenterast skriftleg. Programmet skal m.a. innehalde oversikt over prøvepunkt, analyseparametrar og prøvetakingsfrekvens.

Kontrollprogrammet skal også innehalde overvaking av førekomstane av den sterkt trua lavarten, *Theleopsis flaveola*, i anleggsperioden for å sikre at dei ikkje blir råka av tiltaket. Det same gjeld fisk og bunndyrfauna i bekkar dersom det visar seg at vatnet drenerar til bekk.

### **9.2 Inspeksjon**

Det skal etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utsleppsstadene, der observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna forureining skal registrerast. Dette gjelder også bekker dersom vatnet drenerast dit. Ved vesentleg forureining skal dette rapporterast jf. punkt. 8.4.

## **10. Tilsyn**

Verksemnda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

---

<sup>7</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining



**VEDLEGG 1****Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i punkt 3 eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

**Metaller og metallsambindingar:**

	<b>Forkortingar</b>
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

**Organiske sambindingar:**

	<b>Vanlige forkortingar</b>
<b>Bromerte flammehemmarar:</b>	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA
<b>Klorhaldige organiske sambindingar</b>	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafiner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjeda klorparafiner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidane:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl eter)	
<b>Nitromusksambindingar:</b>	
Muskxylen	
<b>Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:</b>	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
<b>Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)</b>	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
<b>Tinnorganiske sambindingar:</b>	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
<b>Polisykliske aromatiske hydrokarboner</b>	PAH
<b>Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)</b>	DEHP
<b>Bisfenol A</b>	BPA
<b>Dekametylsyklopentasiloksan</b>	D5